



**Møtenummer:** 2/19  
**Møtetid:** 2.4.2019 kl 0930-1400  
**Stad:** Sogndal kommunehus  
**Møteleiar:** Jarle Skartun  
**Referent:** Karina Nerland

## AGENDA

<b>Faste deltakarar</b>
<b>Namn</b>
Oddbjørn Ese (Vik), Olve Fossedal (Årdal), Arne Johansen (Lærdal), Odd Arve Rakstad (Leikanger), Jarle Skartun (Luster), Steinar Søggaard (Aurland), Jostein Aanestad (Sogndal), Svein Arne Skuggen Hoff (Balestrand), Arnvid Hovland (Høyanger - vara )
<b>Forfall</b>
Kjellaug Brekkhus (Høyanger) Stig Arne Tune (Nye Sogndal kommune)
<b>Andre</b>
Karina Nerland, dagleg leiar Ole Gunnar Krakhellen, kommunalsjef Sogndal /påtroppande rådmann Sak 3: Aud Jane Beheim og Marianne Ovrud, SIMAS og Darek Hauderowicz, GIS-koordinator Sogn regionråd

Nr	Sakliste	Ansvarleg
1	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>	
2	<b>Referat frå siste møte, 29.1.2019.</b> Møte i Sogn Regionråd, 13.02. - Ingen kommentarar eller spørsmål.	
3	<b>Simas</b> Orientering ved Aud Jane Beheim og Marianne Ovrud frå Simas. Presentasjonen er lagt ved. SIMAS IKS fekk ny forskrift 01.01.17. Det er vanskelegare å få fritak for renovasjons- og slamgebyret. SIMAS følger matrikkelen. Det er ulikt frå kommune til kommune kor oppdatert eigedomsregisteret er. Det blir meirarbeid for kommunane. Simas foreslår eit fellesprosjekt knytt til digitalisering/rydding i matrikkelen. Søknad må kome frå kommunane. Simas kan ta 50% av eigendelen ved søknad om fornyingsmidlar. Mykje gjeld sjølvkostområde og vil kunne gebyrfinansierast. GIS-koordinator viser til at eigedomsregisteret krev lokalkunnskap og kapasitet i kommunane. Det er forbetningspotensiale å koble matrikkel og Komtek. Det var tilslutting til eit prosjekt. -Konklusjon: <i>Det blir jobba med saka slik at den kjem opp att etter sommarferien.</i>	Jarle, Darek og SIMAS
4	<b>Samarbeid om kommunepsykologar.</b> Det vart teke ein runde om status i kommunane. Er i gang med fellesutlysning. Ventar tilbakemelding frå nokre kommunar før utlysinga kan gå ut. Felles fagdag 30. april for å førebu å ta imot psykologane. - <i>Fleire eksempel på at det er krevjande å rekruttere, må nytte samarbeidsmodellen i dette arbeidet.</i>	

5	<p><b>Tilsyn arbeidsgjevarkontroll.</b>          Status i kommunane.          Årdal kommune har bedt om at ordførarane i Sogn regionråd drøftar plasseringa av arbeidsgjevarkontrollen.          Skatteetaten har peika på svakheitene, må prøve å få til ei felles løysing, det hastar.  <i>-Avventar ev politiske føringar.(SR)</i></p>	
6	<p><b>Vitensenteret.</b>          Jf tidlegare orientering i rådmannsgruppa          Handsaming i SR 13.02.          Det vart teke ein runde med status i handsaminga i kommunane og fellesnemnda Nye Sogndal          Vitensenteret håper på svar frå kommunane i april ev. tidleg i mai          - <i>Fleire kommunar finn saka krevjande, jf kostnader til transport samt det «å veksle ut rammetimar.» Samtidig er det eit svært spennande konsept der ei relativt lita medfinansiering frå kommunane løfter eit stort prosjekt og utløyser andre midlar/anna finansiering.</i></p>	
7	<p><b>Sjøredningsbase Leikanger.</b>          Jf søknader om økonomisk støtte. Det vart teke ein runde med status om den kommunevise handsaminga.  <i>-Kommunane bør ta opp spørsmålet om samarbeidsavtale med beredskapsfunksjonar; «stengde vegar, liv/helse, brann og ulykke». Innspel til saksutgreiing vert skissert.</i></p>	Jostein
8	<p><b>NAV-regionalisering.</b>          Jf tidlegare omkring utviklingsarbeid/prosjekt som starta 1.1.2019          Notat frå rådmann i Årdal vart utsendt til møtet.          Prosjektleiari er enno ikkje tilsett. NAV si deltaking er etter deira ønske utsett til neste møte (27. mai).  <i>-Rådmannsgruppa er bekymra over at budsjetttramma er redusert med 4-5 mill kr og etterlyser det tette samarbeidet som var varsla før prosjektstart.          Rådmannsgruppa ønskjer at neste møte vert eit partnerskapsmøte og ber om ei klargjering av løpet vidare både om prosjektet og partnerskapsdialogen.          Det kom innspel om at Sogn regionråd kan senda fråsegn om at regionen kjem dårleg ut i den nye modellen og monaleg lågare budsjett enn før.</i></p>	Jarle  Karina
9	<p><b>Skog i Sogn</b>          Fylkesmannen støtter prosjektet med midlar (kr 333.000,-) ut 2019.          Kommunane er godt nøgde med prosjektet og ønskjer å halde fram med samarbeidet. Prosjektet er eit eksempel på eit godt regionalt samarbeid som gir verdiskaping.          Avtale ut 2019 for «signering». Det vert utarbeidd ny avtale frå 2020. Det vert lagt opp til at Årdal kjem inn og at Fylkesmannen trekker seg ut.  <i>-Opplegg for 2019 er ok og ønske om forlenging vart stadfesta.</i></p>	
10	<p><b>Ungt entreprenørskap –avtale.</b>          -Rådmennene signerte dei kommunevise avtalane. Ordførarane signerer på neste rådsmøte 24.4.2019.</p>	
11	<p><b>Val samarbeidsutval Krisesenteret</b>          -Arne Johansen vart peika ut.</p>	Karina.
12	<p><b>IKT</b>          Vik og har sagt opp kommunenettavtalen og har starta samarbeidet med SYS-IKT. Sogndal har starta samarbeidet med SYS-IKT. Nye Sogndal avtalen er «på plass.» Luster ser på dei ulike oppgåvene og intensjonen er å flytte oppgåvene som fylkeskommunen gjer til SYS IKT.</p>	

13	<p><b>Innkjøp</b> Nedsett utval på fylkesnivå. Arnvid hadde delteke og orienterte frå møtet som var 29.3. Ønske frå rådmennene om å byggje opp eit miljø i Sogn. Kva har vi behov for og vil regionen vera stor nok til å få gode avtaler? -Jarle og Arnvid føl opp saka via utvalet på fylkesnivå og SFFI, -Rådmennene involvert i nye Sogndal tek dette vidare i eit Sogneperspektiv der det kom innspel på ein modell for å utnytte/spreie kompetanseressursane i regionen, heller enn å samla alt i Sogndal.</p>	Jarle Arnvid Svein Arne, Odd Arve, Ole Gunnar, Stig Arne
14	<p><b>Sogn som arbeidsplassregion.</b> Fellesnemnda 06.03.2019 fremja framlegg om ekstra løyving for å utvikla Sogn som arbeidsplassregion. I vedtaket vart prosjektrådmann beden om å utfordra Luster kommune og Sogn regionråd til gje eit tilskot med kroner 100.000 kvar til dette arbeidet. -Rådet handsamar søknaden i neste rådsmøte og Luster handsamar søknaden</p>	
15	<p><b>Referatsaker;</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sekretariatsfunksjon kontrollutval: Kommunevise avtaler vert forlenga, kan kome i utakt i høve ny anbodsrunde.</li> <li>- Framtidas bustader: seminar 26. mars som bustadnettverket arrangerte. Gode tilbakemeldingar. Nettverket drøftar vidareføring av arbeidet i 2019, jf rådsmøte i juni i fjor.</li> <li>- Integrering innvandrarar og flyktingar: eit av satsingsområda i rådet. Tema: nytte innvandrarar og flyktingar som ein ressurs for samfunns- og næringsliv. Blir utarbeidd ein prosjektplan som vil bli drøfta i næringsgruppa.</li> <li>- Vestland revisjon KO: Det vart teke ein runde med status i handsaminga i kommunane</li> <li>- Fornyingsmidlar Fylkesmannen, søknader og prioritering: Nytt at regionrådet blir bedne om å gje vurderingar. Oversikt frå FM oversendt rådmannsgruppa dagen før.</li> <li>- Innspel i møtet: Prioritet på fylkesdekkande prosjekt og prosjekt som er unike. Prosjekt som gjeld regionen bør gå føre kommunale prosjekt. Sogneprojekt bør få omtale og dei to som er søkt bør støttast. Vurderingar og forslag til prioritet blir sendt på e-post til rådmennene for ev. innspel.</li> <li>- Næringsvenleg region. Utspel frå Lærdal under arbeid.</li> <li>- Njøs næringsutvikling: Søknad er sendt til kommunane. Viktig sak for regionen og for å byggje merkevare Sogn. Innspel i møtet om at saka går til rådet.</li> <li>- Veterankontaktane hadde møte 1.4. og førebur 8. mai-arrangementet.</li> </ul>	Karina/Jarle
16	<p><b>Dei interkommunale samarbeida i 2019.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Dei interkommunale avtalane som Nye Sogndal kommune har sagt opp bør vera tema i rådmannsgruppamøta framover.</li> <li>- Selskapsdag 26.04.2019.</li> </ul>	
17	<p><b>Aktuelle saker i kommunane;</b> Kommunerunde: Fylkesmannen kjem til Vik. Tema: kommunereform og vegen vidare. Tone Bakke blir konstituert som kommunalsjef når Ole Gunnar Krakhellen blir konstituert rådmann frå 1. mai.</p>	
18	<p><b>Restansar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samarbeid om førebyggjande helse: oppfølging ligg på vent inntil vidare</li> <li>- Dialysetilbodet i Sogn – innspel om reetablering av tilbod i Sogndal eller løysast som heimedialyse</li> </ul>	
19	<p><b>Neste møte: 27.05.</b></p>	